

## OPPSUMMERING AV ARBEIDET TIL DEI INTERKOMMUNALE GRUPPENE FORDELT PÅ HOVUDMÅLSETTINGANE

Oppsummeringa av alle SWOT-analysene frå kommunane og dei interkommunal gruppene er oppsummert av den interkommunale gruppa og samanstilt i ei skjematisk oversikt under.

### **Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon**

Kommunane i dag	Ytre Søre Sunnmøre
<b>Styrke:</b> Kommunane har sterke nærdemokrati og vert opplevd ubyråkratisk med korte avstandar. Ein opplever sterkt samhald og dugnadsinnsats, særleg i dei mindre kommunane. Nyskapande og ekspansivt næringsliv er ein sentral styrke.	<b>Moglegheiter:</b> Kommunane forventar styrka fagmiljø og kompetanse, betre planarbeid og ikkje minst større gjennomslagskraft ovanfor region og stat. Auka kapasitet og profesjonalisering av kommunale oppgåver og prosjekt er sannsynleg.
<b>Svakheit:</b> Fleire kommunar opplever sviktande driftsøkonomi og handlingsrom. Små og sårbare fagmiljø svekkar kommunane si handlekraft og kvalitet. Demografiske utfordringar er ulike, men store for alle kommunane.	<b>Trugsel:</b> Demokratisk og geografisk avstand opplevast negativt, og prioriteringskonflikt kan også skape avstand og splid, mellom anna grunna ulikt gjeldsnivå. Sentraliseringstrendane kan akselerere, og stagnasjonen vedvarer trass ny kommune.

### **Tenesteprodusent og utøving av mynde**

Kommunane i dag	Ytre Søre Sunnmøre
<b>Styrke:</b> Kommunane er oversiktlege med næreliek til eigne innbyggjarar og tilbyr målbart gode tenester. Politisk og administrativ leiing har god lokalkunnskap. Det er eit utstrakt interkommunalt samarbeid på tvers av kommunegrensene.	<b>Moglegheiter</b> Eit større og sterkare fagmiljø kan gjere det lettare å rekruttere nødvendig kompetanse. Stordriftsfordelar vil kunne frigi ressursar til meir innovativ tenestetilbod. I ei større kommune kan ein lettare få ei meir objektiv sakshandsaming som kan gi likeverdige tenester.
<b>Svakheit</b> Vi har små fagmiljø i «smale» tenesteområde, noko som kan føre rekrutteringsvanskår. Gildskap ved tildeling av tenester kan i enkelte høve vere ei utfordring. Manglande ressurstilgang gjer det vanskeleg å skape likeverdige tenester.	<b>Trugslar</b> Det er grunn til å tru at tenester vert sentraliserte og at det vert vanskleg å oppretthalde tilbodet i utkantane. Større forhold kan gjere terskelen for å ta kontakt med kommuneleiinga høgare.

## Demokrati og styringsform

Kommunane i dag	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrke:</b></p> <p>Kommunane verkar samde om at dei har politikarar og tenesteytarar med god lokalkunnskap.</p> <p>Ein opplever nærliek mellom politikarar/tenesteytarar og innbyggjarane.</p> <p>Eit velfungerande lokaldemokrati er med på å skape engasjement blant innbyggjarane.</p>	<p><b>Moglegheiter:</b></p> <p>Ein ser for seg at «YSS» kan ha større påverknadskraft mot sentrale og regionale myndigheter, samt dei store byane.</p> <p>Fleire tenker at det kan verte fleire «profesjonelle» politikarar med spissa kompetanse.</p> <p>Ein kan få ei meir heilskapleg og langsiktig planlegging.</p> <p>Fleire oppgåver(fra td. fylket) gir større nærliek til same tenester.</p> <p>Færre ulemper med gildskap.</p>
<p><b>Svakheit:</b></p> <p>Det kan vere eit utfordring å sikre gildskap i små miljø.</p> <p>Rekruttering til politiske lister kan og vere vanskeleg.</p> <p>Stor saks mengd og mangel på tid/ressursar kan og vere ei svakheit.</p> <p>Alle er samde om at ein ønskjer større valdeltaking</p>	<p><b>Trugsel:</b></p> <p>Kommunane er redd for at det skal verte mindre engasjement og lågare valdeltaking, kanskje pga. større avstand til politikarar og administrasjon, og mindre lokal forankring.</p> <p>Dersom ei storkommune fører til meir byråkrati og sentralisering kan det og vere ei demokratisk utfordring.</p>

## Økonomi i den nye kommunen

Kommunane i dag	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrke:</b></p> <p>Kommunane er ikkje større enn at vi har god oversikt og knotroll, sjølv om utfordringane er forskjellige.</p> <p>Vi har eit kort, oversiktleg og fleksibelt avgjerdssystem.</p>	<p><b>Moglegheiter:</b></p> <p>Ein større region gir stordriftsfordelar, meir føreseielege inntekter og auka kompetanse.</p>
<p><b>Svakheit:</b></p> <p>Vi har små kommunar som er sårbare med lite rom for investeringar/endringar, enten pga. liten investeringsevne, høg gjeldsgrad eller stramme driftsbudsjet.</p>	<p><b>Trugsel:</b></p> <p>Frykt for at ein større region gir ein sentralisering som kan medføre ei skeivfordeling med omsyn til investeringar og tenestetilbod. Også ei frykt for auka transaksjonskostnadene i form av byråkratisering.</p>

## SWOT- ANALYSE SAMASTILLING AV RÅDATA FRÅ WORKSHOPEN

### Oppdrag 1: Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon

Hareid	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Befolkningsvekst, attraktivitet.</li> <li>2. Sentral plassering.</li> <li>3. Nærleik til innbyggjarar.</li> </ol> <p>God lokal styring. Lokalkunnskap. Fokus på skule og velferd. Lite og oversiktleg. Demokrati. Kommunikasjon. Tilpassingsdyktig. Ledig areal. Sterke krinsar. Dugnadsånd.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Betre og heilskapleg planlegging.</li> <li>2. Større fagmiljø.</li> <li>3. Større på løfteevne/gjennomføring.</li> </ol> <p>Utjamning av forskjellar. Heilskapleg bu og arbeidsregion. Samarbeid.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Økonomi.</li> <li>2. Låg arbeidsplassdekning.</li> <li>3. Sårbare fagmiljø.</li> </ol> <p>Konjunkturavhengig næringsliv. Mager administrasjon. Gildskap, små forhold. Infrastruktur. Demografisk utvikling.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sentralisering.</li> <li>2. miste lokal styring/kjennskap.</li> <li>3. Demokrati.</li> </ol> <p>Nedprioritering av «nye» utkantar. Lite offentlege arbeidsplassar/sårbar. Lange avstandar til tenestene. Manglende lokalkunnskap. Identitet. Byråkrati. Mangler motor.</p>

Ulstein	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ung befolkning og høg befolkningsvekst.</li> <li>2. Innovativt næringsliv.</li> <li>3. Attraktiv stad.</li> </ol> <p>Liten, kompakt og lettdrevet. Tett samarbeid med næringsliv. Kort avstand frå vedtak til handtering. Løysingsorientert. God struktur på planarbeid. Nært og kjent. Korte avstandar. Dynamisk uttrykk. Definert sentrumskjerne.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Større, sterkare, slagkraftig.</li> <li>2. Større fagmiljø.</li> <li>3. Mangfoldig arbeidsmarknad.</li> </ol> <p>God base for vidareutvikling. Større arealressursar. Likeverdige tenester. Styrking av lokaldemokrati.</p>

<b>Svakheiter:</b>	<b>Trugslar</b>
1. Stort kvinneunderskot. 2. Mindre tyngdekraft ift. stat og fylke. 3. Avgrensa areal.	1. Drakamp mellom krinsar(kommunar). 2. Svekka tettstadsutvikling. 3. Større geografisk avstand til innbyggjarane.
Tronge kår for utvikling. Einsidig næringsliv. Høg lånegjeld. Små fagmiljø. Fare at vi ser på oss sjølv som best.	Fleire konkurrerande tettstadar. Svekka dognadsånd. Svekka lokaldemokrati. Motvilje blant folket.

<b>Sande</b>	<b>Ytre Søre Sunnmøre</b>
<b>Styrker:</b>	<b>Moglegheit</b>
1. «Det lokale» - demokrati, ubyråkratisk, kjennskap. 2. Sterkt næringsliv, patriotisme, identitet. 3. Samhald.  Eigenkontroll. Smådriftsfordelar. Næringsforum.	1. Gjennomføringskraft, finne vår plass, nå fram, fagmiljø. 2. Innovasjon. 3. Areal/samfunnsplanlegging.  Reduserte transaksjonskostnader. Skalafordelar.
<b>Svakheiter:</b>	<b>Trugslar</b>
1. Manglende gjennomføringskraft og utviklingskapasitet, ikkje penta helix. 2. Fråflytting av ungdom som ikkje kjem att etter utdanning. 3. Dårleg økonomi. Geografisk utfordring i høve infrastruktur. Lite tomter. Makt oppover i systemet.	1. Alt vert ved det same gamle trass ny kommune. 2. Sentralisering, miste sjølvråderett. 3. Demokrati.  Næringslivet flaggar ut. Avfolkning av utkantar. Større utkantar. Verdireduksjon eigedom.

<b>Herøy</b>	<b>Ytre Søre Sunnmøre</b>
<b>Styrker:</b>	<b>Moglegheit</b>
1. Samarbeid commune næringsliv. 2. God politisk representasjon. 3. Høg fagkompetanse.	1. Byggesterk region. 2. Profesjonalisering. 3. Arealdisponering.
<b>Svakheiter:</b>	<b>Trugslar</b>
1. Sentrum - periferi. 2. Einsidig næringsliv innan eiga næringsliv . 3. Nokre små fagmiljø.	1. Prioriteringskonflikter. 2. Sentralisering . 3. Demokrati/medverknad.

<b>Vanylven</b>	<b>Ytre Søre Sunnmøre</b>
<b>Styrker:</b>	<b>Moglegheit</b>

<p>1. God økonomistyring. 2. Sterk dugnadsånd. 3. Godkjende planar.</p> <p>Store areal. Fiber. Gode kommunale målbare tenester. Rask omstillingsevne. Ikke egedomsskatt. God på samhandlingsreform. 6,4% arbeidsgjevaravgift. Desentralisert skulestruktur.</p>	<p>1. Større fagmiljø. 2. Vekstområde. 3. Planmessig drift.</p> <p>Store landområde. Lang kystlinje. Større påverknadskraft. Maritimt kompetansemiljø.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <p>1. Samferdsel, kommunikasjon. 2. Små fagmiljø, sårbare. 3. Dårleg næringsutvikling .</p> <p>Lavt nivå høgskuleutdanna. Personavhengigheit i drifta. Stigande gjennomsnittsalder. Inabilitet, ugildskap. Eigen bu og arbeidsmarknad. Mindre kjent «ute».</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <p>1. Gjeldsbehandling. 2. Treighet i endringar. 3. Lange avstandar, reise og byråkrati.</p> <p>Svekka lokaldemokrati. Skaper utkantar. Uoversiktleg. Kostbart. Desentralisert nok skulestruktur.</p>

## Oppdrag 2: Tenesteprodusent og utøving av mynde

Hareid	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Nærleik brukarar.</li> <li>2. Lokale tenester / kort avstand.</li> <li>3. Raske avgjersler / lite byråkrati.</li> </ol> <p>Interkommunalt samarbeid. Lokalkunnskap.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sterkare fagmiljø.</li> <li>2. Likebehandling.</li> <li>3. Meir politisk styring / færre IKS.</li> </ol> <p>Effektivitet. Økonomi. Rekruttering. Gildskap. Betre tenester. Inntektssystem.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Økonomi.</li> <li>2. Liten planleggingskapasitet.</li> <li>3. Rekruttering av fagfolk.</li> </ol> <p>Mange IKS, manglende politisk styring. Små fagmiljø. Ulik behandling/ mangel på system. Lovbrot. Gildskap.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Større avstand / sentralisering.</li> <li>2. Stor geografisk region med få innbyggjarar.</li> <li>3. Meir byråkrati.</li> </ol> <p>Dårlegare tenester. Vanskeleg infrastruktur. Dårleg kollektivtilbod. Inntektssystem.</p>

Ulstein	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Liten, kompakt og lettdriven.</li> <li>2. Kort avstand mellom politisk og administrasjon (samspeil).</li> <li>3. Engasjerte og utviklingsorientert medarbeidarar.</li> </ol> <p>Nærleik og god oversikt. Tenester der folk bur. Raske avgjerdssprosessar. Samordna og oppdaterte planar.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Likeverdige tenester i heile regionen.</li> <li>2. Større fagmiljø – betre kompetanse.</li> <li>3. Rom for spesialisering.</li> </ol> <p>Stordriftsfordelar. Potensiale for fleire statlege/offentlege arbeidsplassar. Tilrettelegging for næringslivet.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Små forhold og sårbart i spissa tenester.</li> <li>2. Små fagmiljø – kan gi dårlig rekruttering.</li> <li>3. For små til å gi nødvendig avstand (abilitet).</li> </ol> <p>Få offentlege arbeidsplassar.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sentralisering av tenester.</li> <li>2. Kulturell barriere.</li> <li>3. Ulike tenestenivå i kommunane.</li> </ol> <p>Behov for fleire støttefunksjonar. Større byråkrati. Større areal/avstandar. Avstand til avgjerdstakar.</p>

Sande	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Administrasjonen sin nærleik og oversiktleg.</li> <li>2. Godt samarbeid mellom tenesteytar og brukar.</li> <li>3. Nærdemokrati.</li> </ol> <p>Interkommunalt samarbeid. Kort saksbehandlingstid.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Større fagmiljø.</li> <li>2. Habilitet (større avstand).</li> <li>3. Fleire og nye arbeidsoppgåver, meir interessante arbeidsoppgåver.</li> </ol> <p>Skalafordelar. Mindre sårbare fagmiljø. Kapasitet, kvalitetssikring. Betre prosesskompetanse.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kompetanse, små fagmiljø, sårbart.</li> <li>2. Habilitet (gjennomsiktig).</li> <li>3. Manglende innovasjonssystem og utviklingsarbeid.</li> </ol> <p>Geografi. Lang saksbehandlingstid. Kan ikkje tilby alle tenester (eks symjing). Mangel på tid, økonomi, ressursar.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tungdrive system.</li> <li>2. Tenestetilbodet vert därlegare.</li> <li>3. Mindre demokratisk/ vanskelegare å påverke politisk.</li> </ol> <p>Därleg detalj-/lokalkunnskap. Sentralisering/avstand.</p>

Herøy	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Gode tenester.</li> <li>2. God budsjettdisiplin.</li> <li>3. God plankapasitet.</li> </ol> <p>God juridisk kompetanse. Godt kulturtilbod. Generelt god saksbehandling. Pliktoppfyllande saksbehandlarar. Dyktige fagfolk. Få pålegg/avvik tilsyn. Leiaropplæring/leiarteam.</p>	<p><b>Moglegheit:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sterkare fagmiljø.</li> <li>2. Inabilitet mindre aktuelt.</li> <li>3. Lettare å rekruttere.</li> </ol> <p>Betre regional samordning.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Legerekruttering.</li> <li>2. Økonomiske reservar.</li> <li>3. IKT utfordringar.</li> </ol> <p>Eigedomsforvaltning. Svarfristar.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sentralisering (NAV, skule, barnehage).</li> <li>2. Større avstand mellom innbyggjarane og politisk og administrasjon.</li> <li>3. Lengre sakshandsamingstid.</li> </ol> <p>Mindre lokalpatriotisme. Oversikt i tenestene.</p>

Vanylven	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Oversiktleg tenestetilbod.</li> </ol>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Større fagmiljø.</li> </ol>

<p>2. Lokalkunnskap. 3. Rask sakshandsaming.</p> <p>Dyktige einskildpersonar. Samhandlingsreform. Korte avstandar til avgjersler. Helse-/omsorgssenteret, heimetenester. Desentralisert skulestruktur.</p>	<p>2. Sterkare med stor eining. 3. Maritim næring.</p> <p>IKS – interne tenester. Felles planverk. Økonomi. Objektivitet i saksbehandlinga. Skulestruktur desentralisert.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <p>1. Lite fagmiljø. 2. For nære relasjonar (eks barnevern). 3. Rekruttering – manglande.</p> <p>Spisskompetanse. Rutiner/saksbehandling. Inabilitet.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <p>1. Lokaldemokrati. 2. Ribba utkantar. 3. Avstandar/geografi/beslutning.</p> <p>Lokalkunnskap. Gjeld. Svake grupper – flytta. Dårleg kommunikasjon. Lengre saksbehandlingstid.</p>

### Oppdrag 3: Demokrati og styringsform

Hareid	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Nærleik mellom politisk og innbyggjarar.</li> <li>2. Brei representasjon.</li> <li>3. Engasjement.</li> </ol> <p>Låg terskel. Oversiktleg. Få politikarar - ser heilskapen.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tydelegare overordna plan.</li> <li>2. Felles politisk retning.</li> <li>3. Meir politisk styring/aktivitet.</li> </ol> <p>Spissa politisk kompetanse. Gildskap. Styrka påverknadskraft.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Gildskap.</li> <li>2. Låg valdeltaking.</li> <li>3. Rekruttering.</li> </ol> <p>Mykje kjensler. Stor saksmengde.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Svekka lokaldemokrati.</li> <li>2. Mindre lokal forankring.</li> <li>3. Lågare engasjement og valdeltaking.</li> </ol> <p>Fleire heiltidspolitikarar. Færre politikarar. Svekka frivillighet.</p>

Uistein	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. God kultur mellom administrasjon og politisk.</li> <li>2. Trepartsamarbeid mellom kommunen, frivillig og næringsliv.</li> <li>3. Nærleik til innbyggjarane.</li> </ol> <p>God kontroll/oversikt .</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Mindre interkommunalt samarbeid.</li> <li>2. Mindre særinteresser/ større perspektiv.</li> <li>3. Større påverknad mot stat og fylke.</li> </ol> <p>Meir profesjonelle og engasjerte folkevalde. Breiare politisk miljø. Utvikle metodar for å styrke demokratiet.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Detaljstyrт.</li> <li>2. Nærleik til veljar, habilitet.</li> <li>3. Valoppslutning.</li> </ol> <p>Mangel på tid og ressursar. Dårleg/skeiv representasjon (kjønn/alder). Mykje listefyll.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Større avstand til beslutningstakrarar.</li> <li>2. Mindre oversikt (lokal).</li> <li>3. Fare for bygdelister.</li> </ol> <p>Fare for mindre politisk engasjement. Fare for at småpartia forsvinn .</p>

Sande	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Oversiktleg, nærdemokrati, operasjonell jordnær politikk, lokal tilhørsle.</li> </ol>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Handlingsfridom.</li> <li>2. Profesjonalitet.</li> </ol>

<p>2. Påverknadskraft – politikarar, deltakar demokrati.</p> <p>3. Engasjement.</p> <p>Stor openheit .</p> <p>Tverrpolitisk godt samarbeid.</p> <p>Samarbeid.</p>	<p>3. Større demokratiske autonomi.</p> <p>Nøytral sakshandsaming.</p> <p>Større politisk mangfold.</p> <p>Større påverknad.</p> <p>Større politiske miljø.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Representasjon.</li> <li>2. Overstyrt av stat.</li> <li>3. Rekruttering.</li> </ol> <p>Habilitet.</p> <p>Høg alderssamansetting.</p> <p>Låg valdeltaking.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Dårleg informasjonsflyt.</li> <li>2. Større avstand.</li> <li>3. Manglende lokalkunnskap.</li> </ol> <p>Lågare valdeltaking.</p> <p>Kjennskap til politikarane.</p> <p>Demokratisk misnøye.</p> <p>Flytte makt frå politikarane til byråkratane.</p>

Herøy	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. God representasjon frå heile kommunen.</li> <li>2. Lett å ta kontakt med politikarar for publikum.</li> <li>3. God kjønnsfordeling.</li> </ol> <p>Engasjerte politikarar.</p> <p>Mange som er involvert.</p> <p>God alderssamansetting.</p> <p>God oversikt.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Heilskapstenking.</li> <li>2. Likebehandling.</li> <li>3. Avgjersle basert på betre saksutgreiing.</li> </ol> <p>Profesjonalisering.</p> <p>Fleire politiske parti representert.</p> <p>Lettare å rekruttere til politisk aktivitet.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Heilskapstenking/ detaljorientert.</li> <li>2. Særinteresser.</li> <li>3. Habilitet.</li> </ol> <p>Valdeltaking på veg ned.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fleire politiske konflikter i høve til prioriteringar.</li> <li>2. Lågare valdeltaking/engasjement.</li> <li>3. Representasjon frå færre område i viktige posisjonar.</li> </ol> <p>Større avstand politisk og innbyggjarar.</p> <p>Lite politikarar.</p>

Vanylven	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Låg terskel for å ta kontakt.</li> <li>2. Lokalkunnskap.</li> <li>3. God kjennskap til tenestetilbodet.</li> </ol> <p>Velfungerande lokaldemokrati.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Større slagkraft (får tenke større, jmf samferdsel).</li> <li>2. Overordna styring.</li> <li>3. Fleire parti å velje mellom.</li> </ol>

<p>Alle kjenner alle. Bygdeengasjement. Oversiktleg for veljarane. Lokalt engasjement i alle parti. Breidde i representasjon. God kvinneandel/ aldersspreiing. Ikke bygdelister.</p>	<p>Lettare å rekruttere. Fleire profesjonelle politikarar. Objektivitet.</p>
<p><b>Svakheiter:</b>            1. Stor saksmengde.            2. Habilitet.            3. Rekruttering.             Partilojalitet.            Få som driv aktivt med politikk.            Få parti representerte.            Subjektivt engasjement.            Detaljstyring.</p>	<p><b>Trugslar</b>            1. Bygdelister.            2. Politikarar «for fjerne»/ dårlig kontakt med veljarane.            3. Engasjement for å delta i lokalpolitikken.             Nedgang valdeltaking.            Blokktenking.            Politikken for profesjonell Representasjon.</p>

#### Oppdrag 4: Økonomi i den nye kommunen

Hareid	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Oversiktleg.</li> <li>2. Eigne prioriteringar.</li> <li>3. Politisk styring (betre/ god).</li> </ol> <p>Kontroll. Effektiv.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Løfteevn.</li> <li>2. Effektivisering.</li> <li>3. Slagkraft.</li> </ol> <p>Inntektssystem. Raskare omstilling.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Robek.</li> <li>2. Litен evne til store investeringar.</li> <li>3. Sårbar.</li> </ol> <p>Evne til å møte demografiske utfordringar. Låginntektskommune. Fagmiljø. Usikre forhold.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ulik lånegjeld og ulik driftskostnader.</li> <li>2. Vanskelegare å prioritere.</li> <li>3. Auka forvaltningskostnader.</li> </ol> <p>Inntektssystem. Dårlegare økonomi. Uoversiktleg. Vegutbygging. Behov for nye bygg.</p>

Ulstein	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. 35% folkevekst siste 20 år.</li> <li>2. Få store investeringsbehov.</li> <li>3. 130% arbeidsplassdekning.</li> </ol> <p>120% skatteinngang. Positivt driftsresultat. Har fond. Lite vedlikehaldsetterslep.</p>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Meir stabil skatteinngang.</li> <li>2. Betre samordning av investeringar.</li> <li>3. Større folkevekst på grunn av meir attraktiv region.</li> </ol> <p>Større fagmiljø som gir betre styring. Reformstøtte kan gje handlingsrom.</p>
<p><b>Svakheiter:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Høg gjeldsgrad (180%).</li> <li>2. Einsidig næringsliv.</li> <li>3. Risiko knytt til vekst.</li> </ol> <p>Reformer er ikkje fullfinansiert. Stort press på tenester på grunn av folkeveksten.</p>	<p><b>Trugslar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fordeling av gjeld og eigedelar.</li> <li>2. Ventetid på investeringar.</li> <li>3. Likeverdige tilbod krev store investeringar.</li> </ol> <p>Omfang av fordeling av lokalpatriotisk kapital. Sentralisering av tenester.</p>

Sande	Ytre Søre Sunnmøre
<p><b>Styrker:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. God oversikt, eigenkontroll.</li> <li>2. Potensiale for endringar.</li> <li>3. Stabilt/ forutsigbar arbeidsmarknad.</li> </ol>	<p><b>Moglegheit</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Betydeleg omstillingsstøtte i lang tid, soliditet.</li> <li>2. Stordriftsfordelar.</li> <li>3. Lågare transaksjonskostnadar.</li> </ol>

Prioritere etter faktiske behov. Tenester nær brukarane.	Betre offentleg gjennomslagskraft.
<b>Svakheiter:</b> 1. Sårbare for svingingar. 2. Vanskeleg å ta ut stordriftsfordelar. 3. Demografi.  Svekka rammevilkår. Ytre påverknadar av ramevilkåra (eksogene sjokk).	<b>Trugslar</b> 1. Større byråkrati, tregheit. 2. Sentralisering. 3. Gjeld, miste eideelar.

Herøy	Ytre Søre Sunnmøre
<b>Styrker:</b> 1. Effektiv drift. 2. Budsjettdisiplin. 3. Samarbeid med næringsliv og organisasjonar.  Oversiktleg. Lågare gjeld. RDA.	<b>Moglegheit</b> 1. Stordriftsfordelar. 2. Auka kompetanse. 3. Forutsigbare inntekter.  Spesialisering. Rettferdig fordeling. Sentralisering.
<b>Svakheiter:</b> 1. Svingande inntekter. 2. Gjeldssituasjonen. 3. Små bufferfond.  Svake resultat fleire år på rad. Store behov. Reformkostnad - vanskeleg å budsjettere. Sårbart/ einsidig næringsliv.	<b>Trugslar</b> 1. Høg gjeldsbyrde. 2. Byråkratisering. 3. Sentralisering.  Fem fattige vert ikkje rike over natta. Ulike arbeidsavgiftssoner. Vanskelegare å prioritere. Korleis prioritere bla. investeringar.

Vanylven	Ytre Søre Sunnmøre
<b>Styrker:</b> 1. God økonomistyring. 2. Null eideomskatt. 3. Nærleik politikk-adm.  Redusert arbeidsgjevaravgift. Jamleg rapportering – alle kommunale eininger. Ansvarleggjering overskot/underskot. Ad hoc – vegen blir til medan vi går. Oversiktleg/ høve til detaljstyring. Handterbar lånegjeld. Pengar på bok.	<b>Moglegheit</b> 1. Større fagmiljø – mindre sårbare. 2. Lettare å sette i gang større prosjekt. 3. Stordriftsfordelar – skule, barnehage, helse.  Meir effektiv drift.

<b>Svakheiter:</b> 1. Sårbare kompetansemiljø – rekrutteringsutfordringar. 2. Lite spelerom. 3. Sårbare for endringar i inntektssystem.  Sårbare for uføresette utgifter. Liten kommune, få skatteytarar.	<b>Trugslar</b> 1. Mindre innsikt. 2. Høg lånegjeld. 3. Heilskapleg tenking.  Lik fordeling. Mindre detaljstyring. Vanskeleg å «slanke» organisasjonen. Tussa-aksjar. Beredskap.
---	---

## **UTFORDRINGS PUNKT I FORHANDLINGSARBEIDET FORDELT PÅ HOVUDMÅLSETTINGANE**

### **Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon:**

#### **Utfordringspunkt:**

Korleis sikre organisk vekst i alle eksisterande tettstadar?

- Naturleg utvikling.
- Legge til rette for vekst.

Kommunikasjonar – løfte felles samferdselsprosjekt

- Hafast.
- Rovdefjordsambandet.
- Sande Fastlandssamband.
- Kollektivtransport – særleg fram mot vegprosjekta der.
- Kystvegen

Kva modellar er aktuelle for å sikre både strategisk samfunnsutvikling og styrka næringsstruktur?

- Internorganisering.
  - Planlegging, planarbeid.
  - Teknisk,
  - Eigedom.
  - Fordeling av tenester.
- Folketalsutvikling.
- Stort kvinneunderskot.
- Påverknadskraft mot stat – sterkare saman.

Tilrettelegging for utvikling i næringslivet.

- Gründerfokus.

Kva funksjonar må ligge på rådhuset?

- Ordførar og politisk sekretariat.
- Rådmannen.
- Kommunalsjefar.
- Fagstab.
- Økonomisjef og personalsjef.
- Overordna plan- og utviklingsarbeid.

Kva kan ligge desentralisert?

- Skule.
- Barnehagar.
- Helsetenester og omsorgstenester.

Arbeidsgjevarpolitikk?

Samordning av planverk?

Avklare arealbruk → kva skal vi satse på kvar?

### **Tenesteprodusent og utøving av mynde:**

#### **Utfordringspunkt:**

- Kva må avklarast inn mot ein intensjonsavtale?

Bekymringar kring strukturen (skule, sjukeheim etc). Korleis skal strukturen ligge? Gjeld basistenestene innan helse, omsorg, skule, barnehage. Struktur på basistenestene må klargjerast.

Må gjennom ei haldningsendring blant folk, må sjå ting i eit større perspektiv. «Vi forstår, men det er ikkje sikkert vi har lyst». Kva er minstegrunnlaget for å oppretthalde ei teneste?

Ei utfordring vert å gløyme dei grensene som er i dag. Tenke på den nye kommunen, sette til sides det som har vore, og tenke heilheit.

Når man skal inngå intensjonsavtalar er det lett å inngå intensjonar som ikkje vil bere seg over tid. Den må vere berekraftig også over tid. Realistiske intensjonsavtalar. Ikke berre gode ønsker i ein forhandlingsavtale. Økonomien vil vere ei utfordring etter kvart til å halde på det tenestenivået vi ynskjer.

Målet må vere at vi skal gjere tenestene betre.

Må avklare kva vi skal gjere med dei interkommunale selskapa vi har pr i dag.

Kva gjer vi med dei samarbeida der ikkje alle er med. Eller der er fleire enn fem kommuner?

Geografisk nærliek til det «nye rådhuset». Trygga nærliek for innbyggjarane våre.

Kor mange bibliotek skal vi ha i kommunen, korleis skal kulturskulen organiserast. Frivilligentral. Geografisk funksjonsfordeling.

Kva farar ser vi når vi allereie har mykje interkommunalt samarbeid?

Landbrukskontor i eiga kommune. Lokalkunnskap.

Kvædagstenestene vil sannsynlegvis ligge slik vidare, så lenge der er grunnlag for det. Men administrative tenester vil det verte eit spørsmål om kor dei bør ligge. Er der kvædagstenester som vil vere fornuftig å samle for å få betre tenester?

Vi har ei stor kommunal byggmasse, og vi skal huse dei administrative tilsette. Intensjonen må vere å bruke den byggmassa vi allereie har. Men det vil nok vere behov for nybygg innan nokre områder.

Ein tidsplan på kor lang tid skal vi bruke på ein overgang.

### **Demokrati og styringsform:**

#### **Utfordringspunkt:**

- Desentraliserte tenester.
- Tenesteyting der folk er.

- Bygdeutval, lokal representasjon, høyringar.
- Arbeid mot sentralisering.
- Dei tilsette må høyrast i prosessen.
- Fredningsperiode:
  - Ingen eldre flyttast.
  - Ingen skule lagt ned.
- Unngå «overbyråkratisering».
- Bygdene/tidlegare kommune har innstillingsrett.
- Likt antal politisk repr. frå kvar gamal kommune.
- Inkludere unge/eldre:
  - To omsyn til kommunikasjon og tilgjengeleight for eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd.
  - Skule/bibliotek tilgjengelge.
  - Unngå transport.
- Politisk prioritering av investeringar i ei 4 års periode.
- Avklaring av oppgåver – fylke/kommune
- Inntektssystem.
- Organisering slik at demokrati og tenesteyting ikkje vert svekka.

## **Økonomi i den nye kommunen:**

### **Utfordringspunkt:**

- Gjeld, fond.
- Tussa-aksjar.
- Eigedomsskatt.
- Arbeidsgjevaravgift.
- Avgiftsgrunnlag for vatn, avløp og renovasjonstenester. Nivå og offentleg eller privat eigarskap.
- RDA-midlar.
- Kartlegge framtidige planlagt investeringsnivå.
- Vedlikehaldsetterslep.
- Aksjeselskap.
- SSR.
- Ramme for interkommunale samarbeid.
- Landbrukskontor, forvaltning.
- Legetenester.
- Barnevern.
- Avklare omstillingsmidlar (bruk av ekstramidlar).

Avklare fordelingsmekanismer (prinsipp) i ny kommune.